

# HANDLINGSDEL 2023

KOMMUNEDELPLAN LANDBRUK 2020-2025

VEDTEKEN AV KOMMUNESTYRET 23.03.23



KVINNHERAD  
KOMMUNE

Punkta i denne handlingsdelen referer til avsnitt i  
Kommunedelplan for landbruk 2020-2025

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>4.4.</b>                  | <b>Veterinærtenesta i Kvinnherad</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Dyrehelsa i Kvinnherad har blitt enno betre . Det har vore 4-delt vaktordning i mange år. Frå 2013 vart klinisk veterinær vakt lyst ut på anbod. Det er kommunen sitt ansvar å ha veterinær vakt i helger og på kveldstid.   |
| <b>Mål</b>                   | Oppretthalda kompetansen som fins blant veterinærane i kommunen i dag og gjera tenesta meir robust.  |
| <b>Strategi</b>              | Behalda dei to eksisterande kommunale stillingane og opprette ei ny stilling. Ha god dialog med veterinærar og Mattilsynet   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Sikre klinisk veterinær vakt ved aktivt å jobbe med rekruttering og leggje til rette økonomisk.  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Kommunen har fått midlar frå Landbruksdirektoratet til delar av løna til veterinærar på deltid i 2020 og 2021. Det vart løyvd kr 150.000 i 2022. Anbudet vi har i dag , gjekk ut i februar 2022. Det vart forlenga til 31.12.22 . Ny anbudsrunde er gjennomført. Dette skjer i regi av den regionale innkjøpsordninga. |
| <b>Økonomi</b>               | Tilskot til 3 veterinærstillingar utgjer ei årleg utgift for kommunen på kr 450.000.   |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>5.1.</b>                  | <b>Mjølkeproduksjon</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Utviklinga går mot færre og større einingar og auka avdrått pr. ku/geit. Kvinnheradbøndene leverar mjølk med høg kvalitet.  |
| <b>Mål</b>                   | Oppfylla mjølkekvotane i størst mogleg grad og halda god kvalitet på produktet.   |
| <b>Strategi</b>              | Laga ein investeringsstrategi for mjølkerobotar. Det går mot større bruk. Arbeida aktivt for å oppretthalda produksjonen også på mindre bruk. Stimulera til samarbeid og arbeida for auka investeringstilskot til mindre bruk.  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Meir bruk av beite og lokalt fôrgrunnlag<br>Investeringsstrategi for mjølkerobotar  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Stimulert til auka bruk av NoFence og betre gjerde. SMIL midlar. Bidrege aktivt for at bønder skal ta steget å investera i nybygg/oppgradering. Meir enn 60% av mjølka frå Kvinnherad kjem frå lausdriftsfjøs pr. i dag. Andelen aukar, det er 11 år til lausdriftskravet slår inn. |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>5.2.</b>                  | <b>Kjøttproduksjon</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Meir spesialisert produksjon. Høgare kvalitetskrav og krav til dyrevelferd.      |
| <b>Mål</b>                   | Berekraftig kjøttproduksjon i Kvinnherad   |
| <b>Strategi</b>              | Ta klimasignal på alvor og tilpassa produksjonen i samsvar med ressursgrunnlaget |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Leggja tilhøva til rette for meir bruk av beite og føring på lokale ressursar    |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Stimulert til meir bruk av nofence og Betre gjerde. SMIL midlar.                 |

|                        |   |
|------------------------|---|
| <b>5.4.</b>            | <b>Økologisk landbruk</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b> | Det er opplevd stagnasjon og for tida lita interesse for økologisk produksjon |
| <b>Mål</b>             | Auka økologisk produksjon i tråd med nasjonale mål.                           |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>Strategi</b>              | Etablera økologiske miljø i visse område av kommunen        |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Temamøte<br>Sikra omsetningsledd for økologiske produkt     |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Temamøte ikkje gjennomført<br>Lagt til rette for Rekoringen |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>5.5.</b>                  | <b>Drivhusproduksjon</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Tal produsentar er redusert  |
| <b>Mål</b>                   | Etablera nye produsentar og ta vare på eksisterande produsentar                                  |
| <b>Strategi</b>              | Fokusera på klimavenlege veksthus, stø opp om eksisterande og nye produsentar                    |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Stimulera til nyetableringar<br>Utnytte framtidige tilskotsordningar                             |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Det er eit drivhus under bygging – KK har vore med i samband med tilråding til Innovasjon Norge. |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>5.5.</b>                  | <b>Frukt og bær</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Aukande interesse og nyetableringar innan fruktproduksjon etter 2017  |
| <b>Mål</b>                   | Sterk auke i produksjonen av frukt og bær i Kvinnherad  |
| <b>Strategi</b>              | Stimulera til etablering av nye fruktområde og bærområde  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Temamøte, Inspirasjonsbonde,<br>Demonstrasjonsfelt for frukt og bær<br>Utnytte framtidige tilskotsordningar   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Fagkveld med Fruktdyrking i lag med KNS og Landbruksrådgivinga<br>KNS søkte saman med KK om prosjektmidlar til fruktprosjekt hos fylkeskommunen.<br>Midlar er innvilga. Fruktkurs starta opp januar 23 med NLR. |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>5.5.</b>                  | <b>Birøkt</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Det er aukande interesse for honningproduksjon i Kvinnherad   |
| <b>Mål</b>                   | Auka produksjon og bidra til å skape produsentmiljø innan produksjon av frukt , bær og birøkt   |
| <b>Strategi</b>              | Stimulera til fleire kurs innan honningproduksjon<br>Etablera reinavlsområde for brune bier og oppretta lokalt birøktarlag  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Etablera eit birøktarlag i kommunen og arrangera kurs.<br>Etablera honningsentral med slyngerom og liknande.<br>Ta initiativ til samlingar om både frukt, bær og birøkt   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Nybegynnarkurs arrangert av Sturla Helland. Det er etablert ulike lag i fylket.<br>Hardanger Birøktarlag og Sunnhordland Birøktarlag. Ikkje naudsynt med lokallag i Kvinnherad per no. Ikkje naudsynt å skipe til fleire kurs førebels.<br><br>Laga har arrangert fleire samlingar. Arbeidet er forseinka grunna korona, men kan visa til fleire nyetableringar |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>5.6.3.</b>                | <b>Tilskot til organisert beitebruk</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Tilskotsordninga er i 2019 lagt om og stimulerar no meir til samarbeidstiltak  |
| <b>Mål</b>                   | Betre utnytting av beiteressursane   |
| <b>Strategi</b>              | Samarbeida med beitelaga om utvikling av beitedrifta   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Betre utnytting av tilskotsordningane til beitebruk<br>Sviing av beiteområde<br>Stimulera til fellestiltak for tilsyn med dyr og sanking<br>Felleskvier  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Samling om sviing i Fjellhaugen haust 2020.<br>Informert om tilskotsordningane til bøndene.<br>Stor interesse for elektroniske bjøller.<br>Ingen nye felleskvier etablert. Det er søkt om tilskot til opprusting av felleskvier. |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>5.6.4</b>                 | <b>SMIL (Særskilte miljøtiltak i jordbruket)</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Stor etterspurnad i Kvinnherad etter SMIL-midlar. Reduksjon i overføringane til fylka, men stor aktivitet i Kvinnherad har gjort at vi har klart å halda løyvingsnivået oppe.     |
| <b>Mål</b>                   | Ta vare på kulturminneverdiane i kulturlandskapet og til å redusera forureining.  |
| <b>Strategi</b>              | Få fram gode prosjekt .   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Følgje opp kommunal strategi for bruk av SMIL-midlar  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Overordna retningsliner for landbruket i Kvinnherad vedtekne 11.3.21.<br>Kvinnherad har fått auka i tildelte SMIL-midlar grunna stor aktivitet.<br>Det vart løyvd 670 000 i 2022. |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>5.6.5.</b>                | <b>Andre tilskotsordningar</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Statleg tilskot til drenering vart fjerna i ein lang periode og har no kome tilbake. I 2019 vart det og sett av kommunale midlar til grøfting.  |
| <b>Mål</b>                   | Ta vare på dyrka jord og auka avlingane ved å drenera   |
| <b>Strategi</b>              | Utnytte dei statlege ordningane for drenering og eventuelle framtidige tilskotsordningar.   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Informera om og utnytta desse tilskotsordningane.   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Alle tilsette prøver halde seg oppdatert og evt. søkje på prosjekt.<br><br>I 2022 vart Ølve og Hatlestrand bygdelag ein del av Liv og Lyst programmet til partnerskapen i 3 år. Uskedalen utvikling fekk også tilslag på 1.år i prosjektet.<br><br>Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket er den ordninga som krev mest arbeid gjennom året. Det vert handsama ca. 240 søknadar lokalt i denne ordninga og kontroll av 10% av desse årleg. For 2021 vart det godkjent om lag 65 mill. kroner i Kvinnherad i produksjonstilskot.<br><br>Regionalt miljøtilskot (RMP) er ei ordning der det kan søkjast på ulike tema: Kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vann, utslepp til luft, plantevern og miljøavtale. I Kvinnherad vart det i 2021 godkjent 1,3 mill. kroner i denne ordninga.<br><br>Kvinnherad kommune fekk i 2021 |

|  |  |
|--|--|
|  | kr 4 030 798 i kommunale kompensasjonsmidlar i høve covid-19. Desse vart fordelt til lokale verksemdar gjennom søknadsordning i Regionalforvaltning. |
|--|--|

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>5.6.6.</b>                | <b>Kommunale tilskotsordningar:</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Kvinnherad kommune har innført nye tilskotsordningar dei seinare åra. T.d. til grøfting, nydyrking og skogsvegar. Frå før har det vore løyvd frakttilskot til veglause bruk.   |
| <b>Mål</b>                   | Nytta tilskotsmidlane til auka aktivitet i landbruket.   |
| <b>Strategi</b>              | Få fram dei gode prosjekta og oppretthalda ordningane.   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Halda fram med å gje tilskot som stimulerer til aktivitet.<br>Vurdera støtte til betre utnytting eller sanering av driftsbygningar som ikkje lengre er i bruk.<br>Auka støtte til Norsk Landbruksrådgiving Vest.   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | I dag har kommunen ordning for tilskot til grøfting og nydyrking. Det var sett av 1 million kr i 2020, medan det i 2021 og 2022 vart redusert til kr 100.000.<br><br>Kvart år blir utdelt kommunalt tilskot til skogsvegar til nye skogsbilvegar og traktorvegar.<br><br>I det kommunale næringsfondet vart det i 2021 løyvd kr 130.000.<br><br>Vi kan og jobbe for å motivere utan støtteordningar. Der mellom anna brukt SMIL-løyving til løa på klostergarden på Halsnøy.<br><br>Auka støtte til Landbruksrådgivinga er ikkje gjennomført. Dei har dei siste åra fått kr 50.000 frå kommunen. |
| <b>Økonomi</b>               | Det er sett av 1 million kroner til grøfting og nydyrking i budsjettet<br>Frakttilskot til veglause gardar og tilskot til skogsvegar<br>Dei seinare åra har det vore løyvd kr. 250.000,- (2019) til skogsvegar.<br>Skotpremie på små rovdyr kr. 32.000,- (2019)<br>Støtte til Norsk Landbruksrådgiving Vest  |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>5.7.</b>                  | <b>Prosjekt</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Utviklingsmidlar blir meir og meir kanalisert gjennom prosjekt. Kommunale planar blir ofte sett som ein føresetnad or å få tildelt fylkeskommunale og statlege midlar  |
| <b>Mål</b>                   | Auka aktivitet i næringa gjennom ulike nyttige prosjekt  |
| <b>Strategi</b>              | Stø opp under innovatørar og folk med nye idear på ein konstruktiv måte.<br>Følgje med på trendar og finne nye moglege prosjekt.<br>Kvinnherad kommune ønskjer å vera ein aktiv medspelar i framtidige samfunnsnyttige prosjekt  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Ta initiativ til/ ta del i nye utviklings- og forskingsprosjekt  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Det vart søkt om eit prosjekt i lag med NMBU – Småfeprosjekt rundt Folgefonna.(Fjorlam)i lag med Ullensvang og Etne. Det vart avsele i Regionalt forskingsfond. Vi er i dialog med Vestland Fylkeskommune om anna finansiering. Ny søknad er sendt. Søknad er avslått.<br>Omvikdalen bondelag i samarbeid med KK har fått innvilga midlar til prosjekt om lager for biorest og utkøyring med stripespreiar. Kr 100 000,- |

|             |                        |
|-------------|------------------------|
| <b>5.8.</b> | <b>Samfunnskontakt</b> |
|-------------|------------------------|

|                              |  |  |
|------------------------------|--|--|
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Dette gjer kommunen no:<br>Fagmøte: Aukande aktivitet med ulike temasamlingar.<br>Kommunen sender Velkomstskriv til nye bønder.  |  |
| <b>Mål</b>                   | Kvinnherad kommune ønskjer å vera viktig aktør for å skape god utvikling i samfunnet og ta godt vare på tilflyttarar og etablerar.   |  |
| <b>Strategi</b>              | God kontakt med ulike næringer.<br>Ta initiativ til og informere om samlingar og møte  |  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Halde fram med aktiv samfunnskontakt til nytte for innbyggjarar og næringsliv.<br>Velkomstbrev til nye bønder  |  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Fagmøte. Grunna korona har det vore færre møter i 2020-2021 enn ønskjeleg. KK har vore med og arrangert 5 fagkveldar i perioden.<br><br>Velkomstbrev til nye bønder vert sende ut kontinuerleg. I same brev opplyser vi om evt buplikt på bruket. I 2022 var det sendt ut 26 velkomstbrev. |  |
| <b>Økonomi</b>               | Utgifter til fagmøte   |  |

|                              |   |  |
|------------------------------|---|--|
| <b>5.9.1.</b>                | <b>Nydyrking og bruk av jordmasser</b>  |  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Stor byggeaktivitet fører til mykje overskotsmassar og plasser til å deponera desse. Auka aktivitet i landbruket fører til trong for nydyrking.   |  |
| <b>Mål</b>                   | Leggja til rette for auka nydyrking og ein samfunnsgagnleg bruk av jordressursane i kommunen.<br>Vera i forkant slik at det er godkjent ulike deponi med ulik bruk i kvar bygd. Deponi for jord, stein og skogsavfall (røtter, stubbar mm). Massane må være reine. Dei som leverer må sikre dokumentasjon på at massane ikkje inneheld forureinande stoff .   |  |
| <b>Strategi</b>              | Arbeida inn retningsliner for bruk av overskotsmassar i kommunalt planverk. Vera aktive med fokus på å nytte statlege midlar til grøfting . Hindra spreieing av svartelista artar, for eksempel parkslirekne.<br>Lysa ut at grunneigarar som har eigna areal tek kontakt og får areala avklarte.  |  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Der dyrka mark blir omdisponert til andre føremål, bør det leggjast til rette for å dyrka opp nytt areal.<br>Finne deponi for jordmassar i forkant av byggje- og vegprosjekt<br>Retningsliner for bruk av overskotsmassar i kommunalt planverk  |  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Summen som vart sett av i kommunebudsjettet vart monaleg redusert i 2021. Vi føl opp med informasjon og løyvingar fortløpande<br>Starta dialog med Planavdelinga. Samarbeider med landbruksrådgjevinga.<br>Stor trong for og interesse for slike prosjekt. Den 24.mars 2022 vart det arrangert kurs i massehandtering i lag med NLR.<br>KK jobbar med arealdelen til kommuneplan der dette vert tema.<br>Etter pandemi og krig i Ukraina, må jordvern og nydyrking få auka fokus. |  |
| <b>Økonomi</b>               | Sjå punkt 5.6.6 om kommunale tilskotsordningar  |  |

|                        |   |  |
|------------------------|---|--|
| <b>5.9.2.</b>          | <b>Beite- og attgroing.</b>   |  |
| <b>Utviklingstrekk</b> | Landskapet i Kvinnherad er prega av attgroing i nokre område og tregrensa stig. |  |
| <b>Mål</b>             | Betre utnytting av utmarka og ta vare på det opne landskapet                    |  |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>Strategi</b>              | Stimulera til meir bruk av beitedyr  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Organisert sviing av beiteområder.<br>Auka bruk av utmarksbeita i kommunen.<br>Nytt tilskotsordninga til organisert beitebruk.   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Sjå punkt 5.6.3 - Fagdag i sviing. Det er ikkje organisert noko etter fagdagen.<br>Beitelag har fått tilskot via denne ordninga i 2020 og 2021.<br>Utbetalinga i ordninga Organisert beitebruk i 2021 var på kr. 330.000,- |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>6.2.</b>                  | <b>Avverking og planting</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | God avverking, men for lite planting i høve til avverking av skog. For lite planting gjer at mengda av kulturskogen blir redusert   |
| <b>Mål</b>                   | Stimulera til nyplanting fordi skogen er viktig både som råstoff for industrien og som klimatiltak.   |
| <b>Strategi</b>              | Auka kunnskapen til skogeigarane og gardbrukarane for å finna ein balanse mellom økonomi, naturmangfald og stabilitet i skogen.   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Arrangera skogkveldar og skogdagar i samarbeid med skogeigarlaga<br>Lage eit samarbeidsprosjekt mellom NAV og skogeigarlaga for å få ungdom til skogplanting.<br>Skipe til kurs i skogplanting i regi av skogeigarlaga.           |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Det har vore arrangert fleire kurs i 2022 i lag med Søre Kvinnherad skogeigarlaget og Ytre Hardanger Skogeigarlaget for å auka kunnskapen blant skogeigarar. Det er alltid mange interesserte og aktive deltakarar på kvart møte. |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>6.3.</b>                  | <b>Hovudplan for skogsveg</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | God aktivitet i bygging av landbruksvegar.   |
| <b>Mål</b>                   | Realisera nybygging av skogsbilvegar for å auka tilgjenge til skogressursane som i dag står langt frå veg.   |
| <b>Strategi</b>              | Byggja fleire skogsvegar og nytta kommunale og statlege tilskotsordningar.<br>Få fram samfunnsnyttan frå skogbruket og klimagevinsten eit aktivt skogbruk gjev.  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Lokalisera hogstmodne skogar og gje råd til skogeigarar om å planleggja nye skogsvegar.  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Det finst fleire hogstmodne felt i Kvinnherad derfor den store aktiviteten som har karakterisert skogbruket i siste åra fortsette også i 2022 med bygging/planlegging av nye skogsvegar, hogging og planting. Kommunen si rolle i dette aktivitet er å gje råd til skogeigarar ang. tilskotsordning, skogvurdering, vegbygging prosess og opprette kontakt mellom skogeigarar og skogaktørar for hogging, ungsogpleie, planting, vegplanlegging osv. |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>6.3.</b>                  | <b>Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)</b>                                    |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Aukande kjennskap til NMSK og fleire søker på ordninga, som har eksistert i mange år. |
| <b>Mål</b>                   | Auka verdiskaping i skogbruket og ta vare på miljøverdiar.                            |
| <b>Strategi</b>              | Fremja ei berekraftig forvaltning av skogressursane.                                  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Justera tilskotsats i høve til lokale prioriteringar                                  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Nærings og miljøtiltak i skogbruket:<br>Det vert gjort etter behov                    |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>6.3.</b>                  | <b>Verneskog</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Per i dag er det ingen område med vern skog i Kvinnherad.  |
| <b>Mål</b>                   | Etablera verneskog i Kvinnherad og finna modellar for drift av verneskog i områda som er utsette for naturfare   |
| <b>Strategi</b>              | Kartleggja kva område i Kvinnherad som kan ha funksjon som verneskog.  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Innføra meldeplikt for hogst i verneskog – restriksjon på hogst – utarbeida skjøtselplan til verneskog.<br>Føreslå nye verkemiddel for ivaretaking og drift av verneskog |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Landbruksdirektoratet jobbar med vegleiar for forvaltning av verneskog.  |
| <b>Økonomi</b>               | Kommunen kan bidra til å gje erstatning til skogeigarar, ved oppretting av kommunalt tilskot til verneskog.  |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>7.1</b>                   | <b>Landbruk og reiseliv</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Aukande interesse for naturbasert reiseliv.<br>Variert reiselivstilbod frå gardsbruk i Kvinnherad, men potensiale til å utvikle nye etterspurde berekraftige tilbod til besøkjande   |
| <b>Mål</b>                   | Utvikla fleire berekraftige landbrukstilknytte tilbod retta mot besøkjande til Kvinnherad.<br>Etablera fleire tilbod knytt til lokalmat, natur, kultur og aktivitetar.   |
| <b>Strategi</b>              | Støtta nye idear med engasjement og kunnskap.<br>Auka fokus på utvikling av tilbod innan lokalmat, servering, overnatting, natur- og kulturbaserte opplevingar.<br>Vera oppdatert på ulike støtteordningar og tilbod til næringa.  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Invitera til samlingar innan aktuelle tema for å auka kunnskap, inspirera og leggja til rette for lokalt samarbeid/nettverksbygging.<br>Informere om kurs og tilbod.<br>Arrangere vertskapskurs for bønder som driv med reiseliv.  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Grunna covid19 har det ikkje vore mange samlingar, men gjennomført møte i samband med utarbeiding av reiselivsplan. Sesongevaluering med reiselivsnæringa hausten 2021. Møte med reiselivsnæring før sesong 2022.<br><br>Visit Sunnhordland har hatt tilbod til sine medlemmar, blant anna "Deltakardriven produktutvikling" og "Kurs i merkevarebygging og opplevingar".<br>Reiselivsplan godkjend i kommunestyret 18.02.2021.<br><br>Tilrettelagd for å ta betaling for parkering i Fjellhaugen skisenter og ved Bondhus.<br><br>Oppstart besøksstrategi Bondhus. Møte med lokalbefolkning i Sundal for innspel. |

|                        |   |
|------------------------|---|
| <b>7.2</b>             | <b>Landbruk og nasjonalpark</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b> | Det er aukande interesse for naturen, flora, fauna og berekraftige aktivitetar og tilbod i samfunnet.   |
| <b>Mål</b>             | Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt gjev auka verdiskaping til landbruksnæringa.   |
| <b>Strategi</b>        | Utvikla fleire berekraftige tilbod i og rundt Folgefonna nasjonalpark retta mot besøkjande til Kvinnherad.<br>Bruka den unytta attraksjonskrafta og den merkevara som Folgefonna nasjonalpark er til lokal verdiskaping.<br>Styrka samarbeidet med Besøkscenter Folgefonna nasjonalpark, dei andre Folgefonnkommunane og Miljødirektoratet. |



|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>Tiltak 2023</b>           | Samarbeida med nasjonalparkstyret om utvikling av parkeringsplassar, toalett og skilting inn mot verneområda.<br>Arrangere fagsamlingar i samarbeid med Besøksenter Folgefonna nasjonalpark, med tanke på å utvikle tilbud innan naturbasert reiseliv.<br>Informasjon til grunneigarar om trendar og utvikling innan naturbasert reiseliv.  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Omdisponering av areal til utviding og utviding av parkeringsplass på Bondhus.<br>Avtale med grunneigarlaget om drift av parkeringsplass.<br>Oppstart av detaljregulering for Bondhus - Sundal turist- og friluftsområde. Oppstart besøksstrategi.<br>I 2022 var den restaurerte turvegen Rundt Hattebergfossen ferdig. Eit samarbeid mellom grunneigarar, Kvinnherad turlag, nasjonalparkstyret og kommunen. |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>8.</b>                    | <b>Viltforvaltning</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Hjortebestanden har auka i dei siste åra og med dette hjorteskade i skogen, avlingsskade og påkøyrslar av hjortevilt på vegane i Kvinnherad.   |
| <b>Mål</b>                   | Redusera hjortebestanden og auka gjennomsnitt vektene på felte dyr   |
| <b>Strategi</b>              | Justere minstearealet for å få færre og sterkare dyr og vere med i prosjektplan "Frikalv"  |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Redusera hjortebestanden med endring av minsteareal og prosjektplan "Frikalv".<br>Høgare avskyting av grågåås i jaktperioden for å redusera bestanden.<br>Informasjon til innbyggjarane om problematikk rundt føring av grågåås/<br>kanadagås.<br>Arbeide for eit forbod mot føring av grågåås og kanadagås.<br>Sikra rekruttering av jegerar. |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Kvinnherad kommune og over andre 70 kommunar har søkt om å få tildele kvotefri jakt på hjortekalv i jaktåret 2022-2023 og har fått dispensasjon frå Miljødirektoratet.<br>Forbod mot føring av grågåås og kanadagår ikkje gjennomført.   |
| <b>Økonomi</b>               | Fleire fellingsløyve fører til aukande fellingsavgifter som blir betalt inn til viltfondet.  |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>10.</b>                   | <b>Matvaretryggleik i framtida</b>  |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | I dag blir det produsert mest mjølk og kjøt. Det er få verksemdar som driv med vidareforedling i kommunen, lite grønnsakproduksjon og noko fruktproduksjon.<br>Marknaden er aukande for lokal mat   |
| <b>Mål</b>                   | Utvida matvaresortimentet som blir produsert lokalt og produsera rein mat.<br>Grønnsakproduksjon i Kvinnherad bør vurderast i større grad   |
| <b>Strategi</b>              | Leggja til rette for og stimulera til oppretthalda eksisterande matproduksjon og stimulera til nye produkt.<br>Nye trendar i matforbruket; bort frå kjøt- og meieriprodukt må leggast vekt på (bl.a. vegan-mat). Landbruket har som mål å produsera det som forbrukaren til ei kvar tid vil ha. |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Fagkurs i ulike aktuelle produksjonar.  |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | KK i lag med Landbruksrådgevinga og KNS har arrangert kurs i fruktdyrking.<br>Fagkveld i birøkt 2020.   |

|                        |  |
|------------------------|--|
| <b>10.</b>             | <b>Miljøutfordringar</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b> | Betre tilhøve, meir fokus og strengare krav for å unngå ureining |
| <b>Mål</b>             | Hindra ureining frå landbruket                                   |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>Strategi</b>              | Driva klimasmart landbruk og satsing på auka økologisk produksjon. Tiltak som gjer det mulig å driva jordbruk slik at miljømåla blir nådd. Døme kan vera ny teknologi (nedmolding bl.a.) som gjer at det blir mindre risiko for avrenning av næringsstoff.   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Sterkare fokus på jordvern og beredskap. Motivere til installasjon av solceller på driftsbygningar. Vurdere å utarbeidde ein rettleiar i arealplanlegging slik Rogaland fylkeskommune har gjort: Arealplanlegging på jærsk. Aktiv oppfølging av lover og reglar Arbeida for tiltak som avgrensar ureining frå landbruket |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Har gått gjennom oversikta over våre vassførekomstar og vann direktivet. Vi grip fatt i alle meldingar som kjem til kommunen der det er mistanke om landbruksføreureining. Framlegg til lokal forskrift om bandtvang i Kvinnherad kommune. Vedteke september 2022.   |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>11.5.</b>                 | <b>Oppfølging av driveplikt</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Små og bratte teigar som ikkje kan drivast med maskinar har gått ut av drift. Anna areal er i stor grad halde i hevd.   |
| <b>Mål</b>                   | At dyrka jorda blir halden i hevd slik lova seier for å trygge matvaretryggleiken og halda kulturlandskapet i hevd.   |
| <b>Strategi</b>              | Bruka tilgjengelege kjelder til å avdekka brot på driveplikta og følgja opp slike tilhøve etter gjeldande retningslinjer.   |
| <b>Tiltak 2023</b>           | Rettleia eigarar av jord som ikkje er i drift med forslag til tiltak.   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Kommunen har sendt 1 brev i 2021. Eigar har delvis følgd opp med å slå delar av arealet. I 2022 kom det pålegg til kommunen å følgje landbrukseigedomar eigd av dødsbu. Vert følgd opp. |

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>11.7.</b>                 | <b>Matproduksjon - prioriterte innsatsområde</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | På landsbasis er sjølvforsyningsgraden på veg ned. Dette gjeld ikkje i same grad for Kvinnherad.   |
| <b>Mål</b>                   | Auka matproduksjon og mattryggleik. Større mangfald av produksjonar.   |
| <b>Strategi</b>              | Fanga opp trendar og tilpassa produksjonen til dei lokale klimatilhøva.  |
| <b>Tiltak</b>                | Mål: Auka rekruttering til landbruket. Strategi: Skape interesse blant ungdom for dei grønne næringane. Leggja til rette for gode prosessar knytt til generasjonsskifte.     |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | REKO-ringen Kvinnherad vart etablert i 2019 med utlevering i Rosendal. Vi marknadsfører denne salskanalen blant produsentar og kundar. Det har og vore utlevering på Husnes. |

|                        |  |
|------------------------|--|
| <b>11.9.</b>           | <b>Klimasmart Landbruk</b>                                     |
| <b>Utviklingstrekk</b> | Aukande fokus på klima og ureining.                            |
| <b>Mål</b>             | Driva klimasmart landbruk og unngå skadar på jorda.            |
| <b>Strategi</b>        | Auka skogareal, redusera avrenning og bruk av plantevernmidlar |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>Tiltak</b>                | Redusere klimagassutslepp frå landbruket gjennom god agronomi, auka beitebruk, skogplanting tilpassa det naturlege miljøet, mindre transport og satsing på biogass. Bidra til at flest mogleg bønder tek i bruk klimakalkulatoren. God agronomi og godt dyrestell |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Det har blitt auking i planting i siste året.<br>Det er bygd fleire nye både tårn- og plansiloar.<br>Biogassanlegg er under etablering i Grøn Næringspark på Husnes.<br>Kommunalt grøftetilskot.  |

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>13.</b>                   | <b>Folkehelse – førebyggjande forhold</b>   |
| <b>Utviklingstrekk</b>       | Landbruket bidreg til å skape kulturlandskap for auka bulyst og livskvalitet, både gjennom rydding, beiting, oppdyrking og hausting<br>Landbruket aukar tilgangen til nærturterreng og rekreasjonsareal, skogsvegar og turstiar<br>Auka status knytt til produksjon og konsum av lokalproduisert mat  |
| <b>Mål</b>                   | Auka merksemda om landbruket som tilretteleggjar for friluftsliv og rekreasjonsområde.<br>Styrka lokale produsentar si evne til sal og distribusjon av varer og tenester  |
| <b>Strategi</b>              | Informasjonsarbeid knytt til ferdsel og bruk av utmark<br>Synleggjera at traktorvegar, skogsvegar, turvegar og turstiar er viktig infrastruktur for friluftslivet og den eigenorganiserte fysiske aktiviteten til innbyggjarane   |
| <b>Tiltak</b>                | Arrangera møte med alle nyetablerarar<br>Følgja opp bønder med møter, besøk og samlingar<br>Leggja til rette for inkludering og medverknad<br>Informera om rettar og pliktar knytt til bruk av utmark som rekreasjons – og nærturterreng<br>Rettleia grunneigarar for å leggja til rette for gode innfallsportar og kanalisering av ferdsel   |
| <b>Gjennomført aktivitet</b> | Vi har sendt brev til alle som overteke og inviterer til eit møte. Vi kan bidra til nettverk og kanskje fange opp kunden sine utfordringar. Det har vore fleire som har takka ja til tilbodet.<br>Sender ut link til Stasforvaltaren sin “Bondeboka”<br>I 2021 har det blitt etablert P-plass på Bondhus og i Fjellhaugen. Dagsturhytte i Fjellhaugen opna den 27 nov. 2021<br>KK har vore ein viktig pådrivar for å forbetre stien rundt Hattebergfossen.<br>Arbeidet vart ferdig hausten 2022.<br><br>Det vert og arbeid med tilrettelegging i gruveområde i Ølve i regi av Kulturnemnda i Ølve bygdelaag. KK har løyvd SMIL-midlar |